



Hallfrid Andås  
Kvassnesvegen 22  
NO 5914 ISDALSTØ

## Stadfesting: Vilkåra for samtykke er oppfylte

Saka gjeld Alver - Gnr/Bnr 205/12 - xx - søknad om samtykke.

Vi viser til vedtak om samtykke med vilkår av 04.03.2021

Det vart gjeve følgjande vilkår:

### **Vilkår: Ventilasjon**

Tiltakshavaren skal sørge for at dokumentasjon på at ventilasjonsløyningane har funksjonar som sikrar tilfredsstillande inneklima og ventilasjon, blir sendt til Arbeidstilsynet så snart som mogleg, og før tiltaket blir tatt i bruk, jf. arbeidsmiljøloven § 18-5 første ledd.

### **Vilkår: Toalett**

Tiltakshavaren skal sørge for at toalett for tilsette er tilpassa verksemda og i tråd med gjeldande forskriftskrav og forvaltningspraksis.

De må sende utgreiing og planteikning til Arbeidstilsynet så snart som mogleg, og før tiltaket blir tatt i bruk, jf. arbeidsmiljøloven § 18-5 første ledd. Dokumentasjonen skal vise at krava er oppfylt.

Vidare viser vi til vårt brev kor det gjekk fram at vilkåra ikkje var oppfylt og tilbakemeldingar frå Majo Eiendom AS med tilbakemelding av 23.04.2021 om vilkåra.

Vi har vurdert saka på grunnlag av dokumentasjonen de har sendt oss:

- 1 Opplysnar om ventilasjonsanlegg og kapasitet
- 2 Opplysningar om personaltoalett

## Vurderinga til Arbeidstilsynet

Vi vurderer blant anna at desse forholda er tatt hand om i tråd med krava:

### **Ventilasjon**



Det er lagt til grunn luftutskifting på grunn av personbelastning i medhald av gjeldande normer. Lufttilførsel er med bakgrunn i materialar/areal sett til 1 l/sek utan at det er dokumentert lågt emitterande materialar. Med bakgrunn i reservekapasitet på anlegget vil det likevel vera mogeleg å tilføre tilstrekkeleg tilluft med bakgrunn i emisjon.

### Toalett

Det var eit ynskje frå tiltakshavar å installere eit ekstra personaltoalett i vaskerom/garderobe for ei meir hensiktsmessig plassering. Dette er ei løysing som ikkje er i samsvar med forskriftskrav, toalett skal vera i eige rom. Dette toalettet er no teke ut av plan. Personaltoalett er tilgjengeleg like ved.

Meir informasjon om krava finn de her: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/>.

## Vi sender kopi til kommunen

Vi sender kopi av dette brevet til for å gjere oppmerksom på at vilkår er oppfylte.

## Gi informasjonen vidare til arbeidsmiljøutvalet, verneombodet eller tilsettrepresentanten

Arbeidsgivaren skal sjå til at arbeidstakarane tar del i samtykkebehandlinga. Arbeidsmiljøutvalet og verneombodet har formelle roller som skal sikre slik deltaking. Vi ber dykk derfor om å gjere arbeidsmiljøutvalet kjent med dette brevet. Dersom verksemda ikkje har arbeidsmiljøutval, ber vi dykk om å gjere verneombodet kjent med dette brevet. Dersom de har avtale om ei anna ordning enn å ha verneombod, skal de gi kopi av brevet til tilsettrepresentanten.

Dersom tiltakshavaren er utleigaren, skal de gi ein kopi av brevet til alle arbeidsgivarar som er leigetakarar. Dette er for at dei skal kunne orientere sine eigne arbeidsmiljøutval, verneombod eller tilsettrepresentantar.

Sjå arbeidsmiljølova § 7-2 andre ledd bokstav c) og forskrift om organisering, leiging og medverknad § 2-2 tredje ledd bokstav a).

## Meir informasjon?

Meir informasjon om Arbeidstilsynet sitt samtykke og krav til det fysiske arbeidsmiljøet finn de her [arbeidstilsynet.no/byggesak](https://www.arbeidstilsynet.no/byggesak).

## Send dokumentasjon via eDialog

Bruk [eDialog](#) viss de skal sende oss opplysningar eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 2021/1100. Les meir om eDialog på [www.arbeidstilsynet.no/post](https://www.arbeidstilsynet.no/post).



Med helsing  
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen  
seksjonsleder

Ellen Meldahl  
seniorinspektør

*Dette brevet er elektronisk signert.*

Kopi til:

MAJO EIENDOM AS  
ALVER KOMMUNE

Lindåsvegen 154,  
Postboks 4

5914  
5906

ISDALSTØ  
FREKHAUG